



Saksnr.	Utval	Møtedato
031/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	22.10.2025
145/25	Formannskapet	27.11.2025
	Kommunestyret	

Bordgleder Kinn kommune KF - Driftsbudsjett, økonomiplan og investeringsbudsjett 2026-2029

FORM- 145/25 Vedtak:

Saka vert teken til vitande, og sendast vidare til kommunestyret for handsaming.

Innstilling frå dagleg leiar:

1. Styret i Bordgleder KF vedtar daglig leders forslag til driftsbudsjett 2026, økonomiplan 2027–2029 og investeringsbudsjett 2026–2029 slik det kommer frem av saksframlegget.
2. Budsjettet legges til grunn for driften i 2026 og oversendes kommunestyret i Kinn kommune til behandling.
3. Styret ber daglig leder fortsette arbeidet med å øke eksternt omsetning for å redusere behovet for kommunal overføring.
4. Eventuelle endringer i inntektsgrunnlaget legges frem for styret og Kinn kommune i revidert budsjett 2026.

Bakgrunn for saka:

Bordgleder KF skal i henhold til vedtektene og kommuneloven utarbeide forslag til driftsbudsjett, økonomiplan og investeringsbudsjett for kommende fireårsperiode. Budsjettet skal vedtas av styret og oversendes Kinn kommune som eier.

Saksopplysningar:

Daglig leder legger med dette frem forslag til:

- Driftsbudsjett for 2026
- Økonomiplan for 2027–2029
- Investeringsbudsjett for 2026–2029

Budsjettet er utarbeidet etter **forsiktighetsprinsippet**, og bygger på nøkterne forutsetninger for inntekts- og kostnadsutvikling, samt kjente rammer fra Kinn kommune. Prognosene for vekst i eksternt salg er forsiktige, men foretaket opprettholder ambisjonen om å øke eksternt salg for å redusere kommunens kostnader over tid.

For å oppnå balanse i 2026 uten overføring fra Kinn Kommune må foretaket oppnå en omsetningsøkning på om lag 9 millioner kroner gjennom nye kunder og økt salg til eksterne aktører. Økt eksternt salg er derfor et hovedfokus for Bordgleder i kommende periode

Vurderingar:

Budsjettet er i balanse i hele planperioden. Balansen oppnås gjennom realistiske forutsetninger for kostnadsutvikling og en forutsatt overføring fra Kinn kommune. Dersom Bordgleder lykkes med å øke eksternt salg, vil behovet for kommunal overføring reduseres gradvis – med mål om å gjøre foretaket selvfinansierende på sikt. Allerede i dag reduserer den eksterne omsetningen kommunens kostnader med ca. 1 million kroner årlig.

Behandling i Formannskapet 27.11.2025:

Teken til vitande, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Saka vert teken til vitande, og sendast vidare til kommunestyret for handsaming

Røysting:

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik samrøystes vedteke.

FORM- 145/25 Vedtak:

Saka vert teken til vitande, og sendast vidare til kommunestyret for handsaming.

Behandling i Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 22.10.2025:

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

BOGL- 031/25 Vedtak:

1. Styret i Bordgleder KF vedtar daglig leders forslag til driftsbudsjett 2026, økonomiplan 2027–2029 og investeringsbudsjett 2026–2029 slik det kommer frem av saksframlegget.
2. Budsjettet legges til grunn for driften i 2026 og oversendes kommunestyret i Kinn kommune til behandling.
3. Styret ber daglig leder fortsette arbeidet med å øke ekstern omsetning for å redusere behovet for kommunal overføring.
4. Eventuelle endringer i inntektsgrunnlaget legges frem for styret og Kinn kommune i revidert budsjett 2026.

Nytt vedtak etter styremøte 25.11.2025, sak 039/25:

(Styret har vurdert kommunedirektøren si overføring til KF Bordgleder og gjort vedtak som følger)

Styret viser til rapporten frå Deloitte, som viser at alternativet med eit KF er ca 1,8 millionar kroner rimelegare enn å avvikle KFet og legge dette inn i kommunedirektøren si styringslinje som ei ordinær teneste utan eksternt sal. Bordgleder KF bidreg såleis til at kostnaden ved å produsere mat til omsorgstrengande i kommunen blir vesentleg

rimelegare for Kinn kommune.

Styret har eit stort fokus på å auke eksternt sal, noko dagleg leiar jobbar med kontinuerleg. Som det framgår av styret sitt vedtekne budsjett og økonomiplan er det budsjettert etter eit forsiktigheits- og forsvarlegheitsprinsipp der ein berre har lagt til grunn faktisk påreknelege kostnader og inntekter jf. kommunelova § 14-4 tredje ledd.

Styret legg til grunn at eksternt sal vil auke, men finn det vanskeleg å budsjettere med dette før ein har meir konkrete avtaler som gjer at realismekravet i kommunelova vert stetta. Dette er også i samsvar med tilbakemeldingar ein har merka seg frå det politiske ordsiftet om Bordgleder.

Styret har forståing for at det er krevjande økonomiske tider for kommunen som konsern, og vil sjølvstendig rette seg etter det budsjett kommunestyret vedtek og styre etter det etter beste evne og vilje. Også om kommunestyret vedtek eit budsjett med høgare budsjettert eksternt sal. Likevel finn ikkje styret å kunne tilrå ei slik underdekning som reelt er konsekvensen av kommunedirektøren sitt framlegg, og vil oppmode om at det budsjett og økonomiplan som styret allereie har vedteke blir lagt til grunn.

Vedlegg i saken:

Budsjett 2026 fremlagt

Rapport DELOITTE- Kostnad kommunestyrevedtak 2023